


# Hordaland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement 2013



**Utgivar:** Hordaland fylkeskommune,  
Regionalavdelinga,  
Internasjonale tenester

**Tittel:** Hordaland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement 2013

**Dato:** 05. mai 2014

**Forside:** Hordalandselevar i Cardiff. Foto: Fitjar vidaregåande skule

**Redaktør:** Kristian Severeide  
Internasjonale tenester  
[Kristian.Severeide@hfk.no](mailto:Kristian.Severeide@hfk.no)

# Hordaland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement i 2013

## Ny internasjonal strategi

Fylkestinget vedtok i juni 2013 ein ny strategi for det internasjonale arbeidet 2013-2016. Internasjonalt arbeid skal vere ein integrert del av Hordaland fylkeskommune sin innsats for å utvikle hordalandsamfunnet. Hordaland fylkeskommune har hatt eit aktiv internasjonalt engasjement i 2013 gjennom deltaking i europeiske organisasjonar; ved Vest-Norges Brusselkontor; i samarbeid med andre regionar og gjennom deltaking i europeiske prosjekt. Mange av aktivitetane er drivne av dei einskilde avdelingane og er omtalt i ulike delar av dette dokumentet.



I fleire år har ungdommar frå Hordaland fått anledning til å ta eit skuleår i ein av fylkeskommunen sine samarbeidsregionar. I løpet av skuleåret 2012/2013 har totalt 76 elevar fått verdifulle opphold i utlandet. Her er ni av elevane på plass i Cardiff. Foto: Emilie Paulsen, Knarvik vidaregåande skule.

## Nokre sentrale internasjonale aktivitetar i 2013

- Ein ny samarbeidsavtale mellom Hordaland fylkeskommune og Nedre-Normandie vart signert i mai.
- Samarbeidet mellom Hordaland og Orknøyane fylte 30 år i 2013. Både noverande og tidlegare politiske leiarar frå begge regionane var til stades under markeringa i Kirkwall.
- Hordaland fylkeskommune fekk rundt 2,7 millionar kroner frå EU-programmet Leonardo da Vinci i 2013. Midlane går til mobilitetsopphold for elevar, lærlingar og tilsette i vidaregående opplæring, samt tilsette i fylkeskommunen, i hordalandskommunar og i ulike organisasjonar.
- På kulturfeltet har det vore eit aktiv år mellom Hordaland og Edinburgh, der mellom anna fylkeskommunen og Historic Scotland har samarbeida om kulturminne.
- Ungdomsbedrifta Folkelokk frå Odda representerte Noreg og Hordaland under EM for ungdomsbedrifter i London.

# 1. EUROPEISKE ORGANISASJONAR

- **Conference of Peripheral Maritime Regions - CPMR:** I 2013 var det 40 år sidan CPMR vart oppretta. Hordaland fylkeskommune er i dag ein av 160 medlemsregionar, og var til stades under generalforsamlinga i Bretagne, Frankrike 25. – 27. september. Her var både det politiske fleirtalet og mindretalaet i fylkestinget representert.
- **Nordsjøkommisjonen** er ein geografisk underorganisasjon av CPMR der fylkeskommunen har konsentrert sin aktivitet. Hordaland fylkeskommune delte både i organisasjonen sitt styre og i dei tematiske arbeidsgruppene. Sidan 2012 har fylkesordførar Tom-Christer Nilsen vore visepresident i Nordsjøkommisjonen.

# 2. SAMARBEIDS-REGIONAR

- **Nedre-Normandie:** I 20 år har Hordaland hatt eit formelt samarbeid med den franske regionen Nedre-Normandie. I dette jubileumsåret vart ein ny samarbeidsavtale underteikna. Under Festspillene i Bergen var fylkeskommunen vertskap for ein delegasjon frå den franske regionen, mens representantar frå Hordaland nok ein gong tok del i den tradisjonsrike Boréales-festivalen i Caen. Det breie samarbeidet mellom regionane har halde fram i 2013, mellom anna gjennom skulesamarbeid, fellesutstillinga «Meeting Point Wood» og Den kulturelle skolesekken.

## Ny samarbeidsavtale signert



Fylkesordførar Tom-Christer Nilsen og visepresident for internasjonale relasjoner i Nedre-Normandie, Annie Anne, signerte ein ny samarbeidsavtale i mai. Foto: Bjarte Brask Eriksen, HFK.

- **Cardiff:** Med stipend frå EU-programmet Leonardo da Vinci, reiste to representantar frå Organisasjonsavdelinga i fylkeskommunen til Cardiff for å auke kompetansen innan internasjonalt arbeid, språk og kultur. I desember vart lysa nok ein gong tent på juletreten utanfor den norske kyrkja i Cardiff Bay, der tilhøyrarane fekk oppleva tradisjonsrik folkemusikk frå begge regionane.
- **Orknøyane:** Venskapsavtalen mellom Hordaland og Orknøyane fylte 30 år i 2013. Markeringa fann stad under den årlege vinterfestivalen i Kirkwall på Orknøyane. Her vart det arrangert eit felles «Twining Seminar», der både dei historiske banda mellom regionane og framtidig samarbeid vart drøfta. Tradisjonen tro vart det framført musikalske innslag frå Hordaland i samband med vinterfestivalen.

## Markerte 30 år som samarbeidsregionar



Noverande og tidlegare politiske leiarar frå både Orknøyane og Hordaland kunne feire tre tiår med samarbeid mellom dei to regionane. Foto: Marit Einen, HFK.

- **Edinburgh:** På kulturfeltet har det vore eit aktivt år mellom regionane. Eit tettare samarbeid mellom fylkeskommunen og Historic Scotland om kulturminne har funne stad, mens bibliotekarar frå Hordaland vitja Edinburgh i februar. I april hadde Kultur- og ressursutvalet fleire møte med politikarar og institusjonar innan kultur og idrett i Edinburgh. I november vart juletreten tent i den skotske hovudstaden, der musikarar frå Hordaland tok del i seremonien. Representantar for «LivOGLyst», eit prosjekt for lokalsamfunnsutvikling i Hordaland, tok òg turen over til Skottland for erfaringsutveksling i 2013.

- **Kaunas:** Saman med mellom anna unge litauarar frå Kaunas, tok ti ungdommar frå Hordaland i sommar del i eit seminar i London om korleis ein kan kjempe mot ekstreme haldningar. Prosjektet var støtta av EU sitt Aktiv Ungdom-program, der deltakarar kom frå fleire land. I haust deltok representantar frå Hordaland på ein konferanse om trygge samfunn i Kaunas.
- **Thüringen:** Gjennom Interreg-prosjektet EcoRegions har det tette samarbeidet mellom Hordaland og Thüringen fortsatt i 2013. Fylkeskommunen var i juni vertskap for ni bedriftsleiarar frå Thüringen som tok del i eit EU-prosjekt om interkulturell kommunikasjon.

### 3. PROGRAM- OG PROSJEKTSAMARBEID

- **Aktiv Ungdom-programmet** har fokus på ungdom som viktige aktørar i lokalsamfunnet. Hordaland fylkeskommune har i 2013 tatt del i to Aktiv Ungdom-prosjekt i EU sine naboland, Ukraina og Armenia. I haust var to ungdommar frå Hordaland med på kurset «You(th)r Life» i Portugal, der tema var ungdom, kulturarv og distriktsutvikling. På kurset var ungdommar frå nesten 15 ulike land til stades. I løpet av 2013 har fylkeskommunen fortsatt å sende volontørar frå Hordaland til ei rekke europeiske land gjennom Europeisk volontørteneste. Hordaland fylkeskommune har i 2013 fått inn om lag 620.000 kroner i EU-støtte til prosjekt under Aktiv Ungdom-programmet.

#### Lærerike opplevelingar for ung volontør



Fyrste Hordlands-volontøren i Ukraina. Foto: Alette Lie.

- **Leonardo da Vinci-programmet** er retta mot fag- og yrkesopplæringa i Europa, og er ein del av EU sitt program for livslang læring (LLP). Hordaland fylkeskommune fekk i alt rundt 2,7 millionar kroner frå programmet i 2013, der mesteparten av midlane vart vidarefordelt på elevar, lærlingar og tilsette i vidaregåande opplæring. Gjennom satsinga «Internasjonalisering – eit kompetanseutviklingsprogram», fekk fylkeskommunen 54 mobilitetsstipend til bruk for å auke fagkompetansen hjå tilsette i hordalandskommunar, i ulike institusjonar og i eigen organisasjon. Under desse opphalda vart det lagt opp til gjensidig erfaringsutveksling og nettverksbygging for vidare samarbeid.

#### Vellukka seniorprosjekt i Spania og Hordaland



Volontør Ana Isabel Prol Alvarez frå Spania på plass ved Øvsttunheimen sykehjem. Foto: Barbara Harterink, HFK.

- **Grundtvig-programmet** er EU sitt program for vaksne si læring. I fleire år har Hordaland og den spanske regionen Galicia samarbeida om volontørutveksling av ungdommar. I 2013 vart dette utvida til eit nytt prosjekt, «Still being active», som retta seg mot frivillige over 50 år. Det resulterte i at seks spanske volontørar i vår arbeida ved tre ulike eldreomsorgsinstitusjonar i Hordaland. Samarbeidet gjekk òg den andre vegen, der to grupper på tre personar frå Hordaland tok del i frivillig omsorgsarbeid i Spania i om lag fire veker. Gjennom prosjektet «Crosswise Learning», starta Voss kommune (Vaksenopplæring/biblioteket) i 2013 samarbeid med fire andre europeiske regionar om å skape nye arenaer for språkopplæring og integrering av innvandrarar.

## Nytt europeisk utdanningsprogram lansert



## Erasmus+

Frå 2014 erstattar Erasmus+ EU-programma Livslang Læring (LLP), Aktiv Ungdom, Erasmus Mundus og Tempus. Sport er ein helt ny del av programmet. Alle programaktivitetane er organisert under tre hovudtiltak: mobilitet, samarbeid og politikk.

Erasmus+ blir det klart største programmet for utdanningssamarbeid som Noreg deltek i. Totalbudsjettet for Erasmus+ i perioden 2014-2020 er på 14,7 milliardar euro, det vil seie ei auke på 40 prosent i forhold til dei førre programma LLP og Aktiv Ungdom.

- **Interreg** er EU sine samarbeidsprogram for regional utvikling i Europa. Hordaland fylkeskommune leia i 2013 to Interreg-prosjekt. Clean North Sea Shipping (CNSS) under Nordsjøprogrammet har sidan 2010 sett fokus på korleis ein kan redusera luftforureining frå skip. I 2014 er prosjektet ferdig. Også Craft International-prosjektet under Nordlig Periferiprogrammet vert avslutta i 2014. Her har målet vore å etablere 23 nye économusé i Nord-Europa og styrke infrastrukturen rundt handverkstradisjonar. Fylkeskommunen er òg partner i prosjektet EcoRegions under Interreg IVC. Prosjektet støttar øko-innovasjon og grøne teknologiar, med eit særleg fokus på små og mellomstore bedrifter. I 2013 starta CARE-North+ opp, eit prosjekt under Nordsjøprogrammet som skal arbeide for klimavenlege transportløysingar. Hordaland fylkeskommune er ein av partnarane i prosjektet.

## Opna nytt économusée i Lindås



Leiaren av kommunalkomiteen på Stortinget, Helge Andre Njåstad, og ordførar Astrid Aarhus Byrknes, opna i haust Hillesvåg Ullvarefabrikk som det åttande économusée på Vestlandet. Foto: Bjarte Brask Eriksen, HFK.

## 4. VEST-NORGES BRUSSELKONTOR

Hordaland fylkeskommune er eit aktiv medlem i Vest-Norges Brusselkontor (VNB). Kontoret er Vestlandet sitt talerør og lytepost inn mot EU-systemet i Brussel. VNB er ein viktig ressurs for å auke kompetanse på EU/EØS-spørsmål, dei formidlar informasjon og nyheter heim til medlemmane, og har i tillegg eit stort europeisk nettverk.

### Vest-Norges Brusselkontor feira 10 år



I 2013 var det ti år sidan kontoret blei oppretta i Brussel, og sidan den gong er talet på medlemmer dobla. I juni vart det arrangert eit større jubileumsseminar for tilreisande medlemmar, styremedlemmar i VNB og ein rekke gjester frå kontoret sitt norske og internasjonale nettverk i Brussel.

Foto: Vest-Norges Brusselkontor.

Ei rekke personar frå fylkeskommunen vitja kontoret i Brussel i løpet av 2013. Både samferdselsutvalet og Regionalt Næringsråd i Hordaland var på vitjing om våren, mens klima- og naturressurssjef i Hordaland fylkeskommune, Gudrun Mathisen, var hospitant ved kontoret i ei veke i mars.

Ein delegasjon frå Hordaland fylkeskommune var til stades under den årlege konferansen «Open Days» i Brussel i haust. Konferansen har sidan 2003 utvikla seg til å bli den viktigaste mønstringa for regionar og byar i Europa, der over 200 regionale partnarar tek del. Det overordna temaet i 2013 var «Smart partnership for jobs and growth». Under «Open Days» arrangerte VNB, saman med sine europeiske partnarar, ein felles workshop der fokuset vart sett på sysselsetjing av ungdom og omstilling i industrien.

## 5. HORDALANDS-KLASSAR

«Hordalandklassar» er ikkje eigne klassar, men eit tilbod om å ta heile andreåret i vidaregåande skule ved ein skule i utlandet som Hordaland fylkeskommune samarbeider med. Større elevgrupper kan bli fordelt på fleire skular i same by/region for å lette integreringa. Tilboden finst i dag både for elevar på yrkesfagleg og studiespesialiserande program.

I løpet av skuleåret 2012/2013 har 76 elevar frå Hordaland teke eit år på skular i samarbeidsregionane Nedre-Normandie, Cardiff og Thüringen, samt Babolna i Ungarn og Missouri i USA. Nytt av året er at tilboden i Thüringen no er utvida til å gjelde studiespesialiserande program, i tillegg til yrkesfag.

### Spente elevar på plass i Nedre-Normandie



Tolv elevar frå totalt sju vidaregåande skular i Hordaland starta i haust skuleåret i Nedre-Normandie. Foto: Jorid Skiple, Voss Gymnas.

## 6. ANDRE AKTIVITETAR

- Kompetanseutvikling:** Tilsette i Hordaland fylkeskommune var i 2013 på opphold i mellom anna Frankrike, Nederland, Belgia, Storbritannia, Danmark og Sverige for å hauste erfaringar og auke eigen kompetanse.
- Seminar og konferansar:** Saman med Vest-Norges Brusselkontor arrangerte Hordaland fylkeskommune seminaret «Europa i min region» i haust. Her var temaet prosjekt- og finansieringsmuleigheter i Europa etter 2014. I mai var fylkeskommunen representert under ein større offshorekonferanse i Houston, USA.

### Signerte musikkavtale med Kina



I januar signerte fylkeskommunen og Riksconsertane ein samarbeidsavtale om kulturutveksling mellom Hordaland og Kina/Beijing. Samarbeidet førte til at fire musikkarar frå Feng Tai Children's Palace i Beijing gav konserter i Hordaland i oktober. Foto: Bjarte Brask Eriksen, HFK.

- Internasjonalt skulesamarbeid:** Over 90 prosent av dei vidaregåande skulane i Hordaland var i 2013 involvert i internasjonale aktivitetar. Hordalandsskulane har samarbeid med skular i 28 ulike europeiske land, samt seks land utanfor Europa.
- Ungdom og Europa:** Ungdomsbedrifter Folkelokk frå Odda vann den nasjonale konkurransen og representerte i sommar Noreg og Hordaland under EM for ungdomsbedrifter i London i haust deltok fire elevar frå Bergen Handelsgymnas på European Youth Parliament i Lillehammer.

### Ungdomsbedrift frå Odda til EM i London



Ungdomsbedrifter Folkelokk under EM for ungdomsbedrifter. Frå venstre: Margit Kvalvik, Eirin Tjoflot og Aurora Opheim Aarhus. Foto: Inger Grete Strømme, Ugt Entreprenørskap

- Informasjonsformidling:** Nyhetsbrevet «Brusselnytt», redigert av Vest-Norges Brusselkontor, vert sendt ut kvar fjortande dag. To gongar i året summerer fylkeskommunen opp sitt internasjonale engasjement i eit nyhetsbrev på engelsk. Anna internasjonal informasjon vert formidla per e-post og på nett; [www.hordaland.no/internasjonalt](http://www.hordaland.no/internasjonalt)

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur.

Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.



Agnes Mowinckels gate 5  
Postboks 7900  
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00  
E-post: [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)

April 2014, Internasjonal seksjon.